



DET KONGELEGE  
SOSIALDEPARTEMENT

# St.prp. nr. 23

(2003–2004)

---

## Om endringer under enkelte kapittel på statsbudsjettet medrekna folketrygda for 2003

*Tilråding frå Sosialdepartementet av 14. november 2003,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Bondevik II)*

### 1 Innleiing

Sosialdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om endringar av løyvingane under enkelte kapittel under programområde 09 Sosiale formål på statsbudsjettet, endringar av løyvingane under programområde 29 Sosiale formål, folketrygda og inntektene under folketrygda for 2003.

Dei reviderte overslaga for folketrygdas utgifter og inntekter i 2003 bygger i hovudsak på tal frå rekneskap pr. 30. september 2003. Berekningsgruppa for folketrygda, som gjer anslag for regelstyrte ordningar under Sosialdepartementet sine programområde 09 og 29, programområde 30 Helsevern, folketrygda under Helsedepartementet, fødselspengar og adopsjonspengar under Barne- og familiedepartementet og attføringspostar under Arbeids- og administrasjonsdeparte-

mentet, har sett på overslaga i møte 20. oktober 2003. Forslag til endringar i løyvingar som vedkjem Sosialdepartementet sine område, er med mindre avrundingar m.m. basert på overslag i Berekningsgruppa. Dei andre departementa fremmar eventuelle forslag om endringar i sine proposisjonar.

Sosialdepartementet fremmar forslag om å redusera løyvingane under utgiftskapitla under programområde 09 Sosiale formål med om lag 0,8 mill. kroner og å auke løyvingane under programområde 29 Sosiale formål, folketrygda med 1 187,2 mill. kroner. Samla foreslår Sosialdepartementet at løyvingane under utgiftskapitla aukast med 1 186,4 mill. kroner. Løyvingane under inntektskapitla foreslår departementet sett ned med 67,5 mill. kroner. Samla auka finansieringsbehov vert såleis 1 253,9 mill. kroner for 2003.

## 2 Forslag under dei enkelte kapitla

### Kap. 620 Utgreiingsverksemd, forskning m.m.

(i 1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2002	Løyving 2003	Forslag 2003	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
21	Spesielle driftsutgifter		66 118	62 918	-3 200

#### Post 21 Spesielle driftsutgifter

Ein foreslår at løyvinga vert redusert med 3,2 mill. kroner til dekning av eingongsutgifter i samband med flytting og etablering av Sosial- og hel-

sedirektoratet i nye lokale m.m. Helsedepartementet foreslår i eigen proposisjon tilsvarande auke under kap. 706 Sosial- og helsedirektoratet, post 01.

### Kap. 664 Pensjonstrygden for sjømenn

(i 1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2002	Løyving 2003	Forslag 2003	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
70	Tilskott	182 666	471 600	503 000	31 400

#### Post 70 Tilskott

For 2003 er det gitt løyvingar som tilskott til Pensjonstrygden for sjømenn på i alt 471,6 mill. kroner.

Tilskottet til Pensjonstrygden for sjømenn skal dekkje delar av pensjonsutbetalingane etter sjømannspensjonstrygdelova § 15 og underskott i pensjonstrygda etter at reguleringsfondet er brukt opp.

Etter sjømannspensjonstrygdelova § 8 er trygda garantert av staten. Det er ved fleire tidlegare høve varsla at staten gjennom garantien må dekkje ein venta underbalanse på 3–4 mrd. kroner over ein periode på om lag 15 år. Reguleringsfondet vart brukt opp i løpet av 1. kvartal i 2003 og staten må derfor dekkje underskottet i trygda.

Dette er det tatt omsyn til i løyvinga for 2003,

men løyvinga er for låg. Grunnen er mellom anna at registeret for Pensjonstrygden for sjømenn ikkje gir tilstrekkelege opplysningar om fartstid (tenestetid) før 1975. Ein må derfor basere seg på usikre overslag. Utrekningar viser at opptente pensjonsrettar er større enn lagt til grunn tidlegare.

1. januar 2003 var kapitalen på reguleringsfondet 35 mill. kroner og kapitalen på grunnfondet 186 mill. kroner. Garantiansvaret til staten skal som nemnt dekkje underskottet i Pensjonstrygden for sjømenn etter at reguleringsfondet er brukt opp. Finansinntektene frå grunnfondet går med til finansiering av pensjonstrygda, men etter loven skal ikkje grunnfondskapitalen brukast til å dekkje underskott i trygda.

Sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 31,4 mill. kroner til 503 mill. kroner for 2003.

### Kap. 0666 Avtalefesta pensjon

(i 1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2002	Løyving 2003	Forslag 2003	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
70	Tilskott	603 505	709 000	680 000	-29 000

*Post 70 Tilskott*

Løyvinga for 2003 er på 709 mill. kroner.

Middeltalet av AFP-pensjonistar i 2003 vert 11 265 personar, mot 11 820 personar lagt til grunn

for løyvinga. Truleg vil talet på pensjonistar bli om lag 11 490 personar ved utgangen av 2003.

Sosialdepartementet foreslår at løyvinga for 2003 vert redusert med 29 mill. kroner til 680 mill. kroner.

**Kap. 2600 Trygdeetaten**

(i 1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2002	Løyving 2003	Forslag 2003	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
01	Driftsutgifter	4 572 891	4 750 400	4 730 580	- 19 820

*Post 01 Driftsutgifter*

Trygdeetaten skal utvikle tilsynsmetodikk og føre tilsyn og kontroll med utskriving av legemiddel på blå resept. Det vert derfor foreslått å løyve 1 mill. kroner for 2003. Helsedepartementet vil i eigen proposisjon fremje forslag om å redusere løyvinga under kap. 701 Forskings- og forsøksverksemd, post 21 Spesielle driftsutgifter med 1 mill. kroner.

Sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga under kap. 2650 Sjukepengar, post 73 Tilretteleggingstilskott med 49 mill. kroner, jf. omtale under kap. 2650, post 73. Til delvis dekning av meirutgif-

tene foreslår departementet at løyvinga under kap. 2600, post 01 Driftsutgifter vert redusert med 30 mill. kroner.

Tilleggsløyvingar til behandling i utlandet (jf. St.prp. nr. 74 (2002–2003)) vart finansiert delvis ved å sette ned løyvinga til Trygdeetaten. Helsedepartementet vil fremje forslag om å redusere løyvingar med i alt 9,18 mill. kroner på eige budsjett for å tilbakeføre midlar til kap. 2600, post 01.

Samla foreslår Sosialdepartementet at løyvinga under kap. 2600, post 01 Driftsutgifter vert redusert med 19,82 mill. kroner frå 4 750,4 mill. kroner til 4 730,58 mill. kroner.

**Kap. 2650 Sjukepengar**

(i 1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2002	Løyving 2003	Forslag 2003	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
70	Sjukepengar for arbeidstakarar m.v., <i>overslagsløyving</i>	23 325 004	24 740 000	25 280 000	540 000
72	Omsorgs- og pleiepengar ved barns sjukdom, <i>overslagsløyving</i>		317 000	287 000	-30 000
73	Tilretteleggingstilskott	36 707	104 000	153 000	49 000
75	Feriepengar av sjukepengar, <i>overslagsløyving</i>	1 161 787	1 340 000	1 270 000	-70 000
	Sum endringar				489 000

*Post 70 Sjukepengar for arbeidstakarar m.v.,  
overslagsløyving*

Løyvinga for 2003 er på 24 740 mill. kroner. På grunnlag av utviklinga til og med september er utgiftene på post 70 rekna til å bli 25 280 mill. kroner for 2003. Det er 540 mill. kroner høgare enn

løyvinga for året. Utrekninga er basert på tala i rekneskapen pr. september 2003.

I St.prp. nr. 65 (2002–2003) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringar i statsbudsjettet medregnet folketrygden 2003 vart det lagt til grunn føresetnader om ein nedgang i sysselsettinga på 0,6 prosent, vekst i sjukepengegrunnlaget på 5,5 pro-

sent og vekst i sjukefråversfrekvensen på 2 prosent. I tillegg vart utgiftene til svangerskapsrelatert sjukefråver i arbeidsgivarperioden – som arbeidsgivarane etter regelendringa i 2002 kan få refundert frå folketrygda – sett til om lag 50 mill. kroner for 2003.

Veksten i sjukefråversfrekvensen vert nå sett til 4 prosent. Vidare legg ein til grunn ein nedgang i sysselsetjinga på 0,9 prosent, medan veksten i sjukepengegrunnlaget vert sett til 5,5 prosent. Utgiftene til svangerskapsrelatert sjukefråvær i arbeidsgivarperioden, som er omtalt ovanfor, vert nå sett til 35 mill. kroner.

På bakgrunn av dei reviderte utrekningane foreslår Sosialdepartementet at løyvinga vert oppjustert med 540 mill. kroner til 25 280 mill. kroner.

*Post 72 Omsorgs- og pleiepengar ved barns sjukdom m.m, overslagsløyving*

For 2003 er det løyvd 317 mill. kroner.

I 2002 var utgiftene under denne posten ein del av post 70. I 2003 er dei skilde ut som eigen post.

I og med at utgiftene for 2002 ligg til grunn for løyvinga i 2003 måtte desse utgiftene skiljast ut frå 2002-rekneskapen. Etter handsaminga av St. prp. nr. 65 (2002–2003) fann trygdeetaten at utgiftene til omsorgs- og pleiepengar i 2002 ikkje var så høge som dei rekna med tidlegare. Derfor vert løyvinga for 2003 sett ned med 30 mill. kroner.

Løyvinga vert foreslått sett ned med 30 mill. kroner til 287 mill. kroner.

*Post 73 Tilretteleggingstilskott*

Løyvinga for året er på 104 mill. kroner.

Forskrifta for ordninga er trekt tilbake med

verknad frå 24. juni 2003, og ny forskrift er under utarbeiding. Det løpar likevel framleis utgifter knytte til vedtak som er fatta 1. halvår fordi tilskottet vert utbetalt i ettertid. Basert på rekneskap og rapportar frå fylkestyrgdekontora vert utgiftene knytte til vedtaka fatta med omsyn til denne forskrifta rekna til om lag 153 mill. kroner Dette gir meirutgifter på 49 mill. kroner.

30 mill. kroner av meirforbruket vert foreslått dekt inn ved ein reduksjon i løyvinga på administrasjonsbudsjettet til trygdeetaten på kap. 2600, post 01, jf. omtale under posten.

Som ei førebels ordning er det for 2. halvår 2003 løyvd 50 mill. kroner til tilretteleggingstilskott over Arbeids- og administrasjonsdepartementet sitt budsjett. Arbeids- og administrasjonsdepartementet fastsette 8. juli 2003 ei førebels forskrift som gjeld fram til 31.12.2003.

Arbeids- og administrasjonsdepartementet vil fremje forslag om å redusere løyvinga under kap. 1594, post 71 med 9 mill. kroner. Midla vert nytta til delvis å dekkje meirforbruket under kap. 2650, post 73.

Løyvinga vert foreslått auka med 49 mill. kroner.

*Post 75 Feriepengar av sjukepengar, overslagsløyving*

Det er løyvd 1 340 mill. kroner til feriepengar av sjukepengar. Tala i rekneskapen pr. september viser at feriepengane i all hovudsak er utbetalte. Tala i rekneskapane viser utgifter på 1 269 mill. kroner og ein set derfor talet til 1 270 mill. kroner.

Løyvinga vert foreslått sett ned med 70 mill. kroner til 1 270 mill. kroner.

## Kap. 2652 Medisinsk rehabilitering m.v.

(i 1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2002	Løyving 2003	Forslag 2003	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
70	Rehabiliteringspengar, <i>overslagsløyving</i>		7 583 000	8 031 000	448 000

*Post 70 Rehabiliteringspengar, overslagsløyving*

Løyvinga for året er på 7 583 mill. kroner.

Som ein føresetnad for løyvinga vart det lagt til grunn ein vekst i volumet på 11 prosent. Utviklinga sidan den tida gir grunnlag for å setje volumveksten til 18 prosent. Veksten i talet på mottakarar av

rehabiliteringspengar og utgiftsveksten pr. september 2003 er altså noko høgare enn rekna med tidlegare i år. Auken i talet på stønadmottakarar under posten er bl.a. ein følge av auka gjennomsnittleg tid under ordninga. Tal pr. september 2003 viser at omlag 41 prosent har mottatt ein rehabiliteringspengeyting i ein periode utover eitt år.

I utrekninga er det tatt omsyn til at nye utrekningsreglar gir ei noko høgare gjennomsnittleg yting enn ytinga under overgangsreglane, og det er rekna med ei meirutgift på 150 mill. kroner som ein konsekvens av dette.

Det er i tillegg gjort omposteringar frå kap. 2652 Rehabiliteringspengar til kap. 2655 Uførepensjon, for personar som har fått godkjend uføre-

pensjon i 2003 med tilbakeverkande kraft for rehabiliteringspengeperioden. Desse omposteringane må gjerast for at lønns- og trekkoppgåvene til skattemyndigheitene skal bli korrekte. I 2003 vert omposteringa sett til å utgjere 330 mill. kroner.

Sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 448 mill. kroner til 8 031 mill. kroner.

## Kap. 2655 Uføre

(i 1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2002	Løyving 2003	Forslag 2003	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
70	Grunnpensjon, <i>overslagsløyving</i>		14 980 000	15 215 000	235 000
71	Tilleggspensjon, <i>overslagsløyving</i>		21 799 000	22 093 000	294 000
72	Sært tillegg, <i>overslagsløyving</i>		1 343 000	1 377 000	34 000
73	Førebels uførestønad, <i>overslagsløyving</i>		362 000	316 000	-46 000
74	Tidsavgrensa uførestønad, <i>overslagsløyving</i>		176 000	0	-176 000
	Sum endringar				341 000

### Post 70–72 Grunnpensjon, tilleggspensjon og særtillegg, *overslagsløyving*

For postane 70–72 er det totalt løyvd 38 122 mill. kroner for 2003. Dette fordeler seg med 14 980 mill. kroner til post 70 (grunnpensjon), 21 799 mill. kroner til post 71 (tilleggspensjon) og 1 343 mill. kroner til post 72 (sært tillegg).

Utviklinga så langt i 2003, i bl.a. rekneskap og tilgang av nye uførepensjonistar, tilseier utgifter for postane 70–72 på 38 685 mill. kroner. Dette inneber ei meirutgift i høve til løyvinga for 2003 på 563 mill. kroner, ein auke på 1,48 prosent.

Talet på uførepensjonistar har i 2003 hatt ein noko sterkare vekst enn ein tidlegare la til grunn. Talet på uførepensjonistar vert sett til 300 200 ved utgangen av 2003.

Forklaringa til utgiftsveksten finn ein likevel i utviklinga til dei gjennomsnittlege ytingane. Grunnpensjon og særtillegg har ei svakare negativ utvikling enn ein tidlegare gjekk ut frå.

Når det gjeld tilleggspensjon er det tidlegare gått ut frå ein nedgang i gjennomsnittleg yting, medan det nå vert rekna ein nullvekst i gjennomsnittleg yting.

Omposteringane som er omtalt under kap. 2652 Rehabiliteringspengar, er rekna til 590 mill. kroner fordelt på postane 70–72. Fordelinga på kapitla er rekna på grunnlag av andel i postane av utgifter til uførepensjon. Av det omposterte belø-

pet kjem 260 mill. kroner frå yrkesretta attføring, jf. kapittel 2543, og 330 mill. kroner frå kap. 2652 Rehabiliteringspengar.

Det vert foreslått at løyvinga på postane 70–72 vert auka med 563 mill. kroner, fordelt med 235 mill. kroner på post 70 (grunnpensjon), 294 mill. kroner på post 71 (tilleggspensjon) og 34 mill. kroner på post 71 (sært tillegg).

### Post 73 Førebels uførestønad, *overslagsløyving*

Løyvinga for 2003 er på 362 mill. kroner.

I utrekninga som vart lagt til grunn i saldert budsjett, er det lagt til grunn ein gjennomsnittleg volumvekst på 11 prosent.

Tala i rekneskapen for perioden januar–september 2003 viser utgifter på omlag 230 mill. kroner. Tala i rekneskapen viser såleis ein auke på 3,5 prosent nominelt eller ein nedgang på 2,2 prosent i fast grunnbeløp i høve til same periode i 2002.

Frå perioden januar – september 2002 til januar – september 2003 var nivået på ugiftene omlag uendra. Utgiftveksten pr. september i år er lågare enn venta.

Som ein følge av utviklinga i utgifter hittil i år vert volumveksten sett til 9 prosent for 2003, og utgiftene vert rekna til 316 mill. kroner for 2003. Løyvinga vert såleis foreslått sett ned med 46 mill. kroner, noko som er ein reduksjon på 12,7 prosent i høve til gjeldande løyving.

*Post 74 Tidsavgrensa uførestønad, overslagsløyving*

Som følgje av utsett iverksetting av tidsavgrensa uførestønad, frå 01.07.2003 til 01.01.2004, vert det

ingen utgifter til tidsavgrensa uførestønad i 2003. Dette inneber at utgiftene vert redusert med 176 mill. kroner i høve til vedtatt budsjett.

Løyvinga vert foreslått sett ned med 176 mill. kroner.

## Kap 2661 Grunn- og hjelpestønad, hjelpemiddel m.v.

(i 1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2002	Løyving 2003	Forslag 2003	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
70	Grunnstønad, <i>overslagsløyving</i>		1 430 000	1 420 000	-10 000
71	Hjelpestønad, <i>overslagsløyving</i>		1 540 000	1 510 000	-30 000
74	Tilskott til bilar		722 000	838 000	116 000
75	Betring av funksjonsevna, hjelpemiddel		2 507 000	2 380 000	-127 000
77	Ortopediske hjelpemiddel		551 000	565 000	14 000
	Sum endringar				-37 000

*Post 70 Grunnstønad, overslagsløyving*

For 2003 er det løyvd 1 430 mill. kroner til grunnstønad.

Løyvinga vert foreslått justert ned med 10 mill. kroner. Årsaka til reduksjonen er mindre endringar i utrekningane for middeltalet, samt utrekningane for endringar i satsane

På denne bakgrunn er løyvinga foreslått redusert til 1 420 mill. kroner.

*Post 71 Hjelpestønad, overslagsløyving*

Løyvinga på posten er 1 540 mill. kroner.

Det er venta ein utgiftsnedgang i storleiken 30 mill. kroner, eller 1,9 prosent. Årsaka til reduksjonen er at talet på stønadmottakarar har auka mindre enn venta, og at satsglidinga – dvs. ein forskyving frå låge mot høgare satsar – ikkje har vore så stor som venta. Gjennomsnittleg utbetalt beløp pr. stønadmottakar ser ut til å bli 16 862 kroner, mot tidlegare 17 110 kroner.

På denne bakgrunn vert det foreslått at løyvinga vert sett ned med 30 mill. kroner til 1 510 mill. kroner.

*Post 74 Tilskott til bilar*

Løyvinga på posten er 722 mill. kroner.

På denne posten har det vore ein langt sterkare vekst enn venta i 2003. Samtidig er det gjort mykje i trygdeetaten for å byggje ned restansane og korte ned saksbehandlingstida. Dette har også

ført til tydelege meirutgifter i inneverande år. Utrekningane for volumvekst er nå rekna til 24 prosent.

Tida det tar før ein kan skifte ut bilen vart utvida frå 9 til 10 år i 2002 og frå 10 til 11 år i 2003. Desse to tiltaka har verka dempende på utgiftene i 2003. Effekten er rekna til 173 mill. kroner for inneverande år.

Ny ordning for stønad til bil som vart satt i verk 1. april 2003, skulle ikkje ha budsjettmessig verknad. Den medverkar likevel til å redusere saksbehandlingstida noko, og utgiftene kjem derfor raskare enn før i ein periode inntil den nye ordninga er fasa inn.

Sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 116 mill. kroner til 838 mill. kroner.

*Post 75 Betring av funksjonsevna, hjelpemiddel*

For 2003 er det løyvd 2 507 mill. kroner.

Utgiftene på denne posten er noko lågare enn venta. Den generelle underliggende volumveksten på mange av hjelpemiddelgruppene er mindre enn venta. Det er også sett i verk tiltak for å forenkla og spare inn på formidlinga av standard datautstyr.

Det vert foreslått å redusere løyvinga på denne posten med 127 mill. kroner til 2 380 mill. kroner.

*Post 77 Ortopediske hjelpemiddel*

For 2003 er det løyvd 551 mill. kroner på posten.

Stønad til ortopediske hjelpemiddel omfattar dekning av utgifter til protesar, ortosar og fottøy, samt utgifter til andre typar som parykkar, ansiktsdefektprotese, øyeprotese og brystprotese. Det har over fleire år vore ein vekst i utbetalingane som følgje av ein auke i talet på produserte einingar og som følgje av ein generell auke i

materialkostnader. Den generelle volumveksten som ligg til grunn, er på bakgrunn av utviklinga til og med september justert noko opp.

Det vert foreslått å auke løyvinga til ortopediske hjelpemiddel med 14 mill. kroner til 565 mill. kroner.

## Kap. 2670 Alderdom

(i 1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2002	Løyving 2003	Forslag 2003	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
70	Grunnpensjon, <i>overslagsløyving</i>	28 961 487	30 699 000	30 650 000	-49 000
71	Tilleggspensjon, <i>overslagsløyving</i>	38 194 621	41 015 000	41 190 000	175 000
Sum endringar					126 000

### Post 70 Grunnpensjon, *overslagsløyving*

Vedtatt budsjett for 2003 er 30 699 mill. kroner.

Ein ventar at talet på alderspensjonistar vert 622 500 ved utgangen av 2003. Samtidig reknar ein med at gjennomsnittleg grunnpensjon vert 39 kroner lågare for året enn det som tidlegare er lagt til grunn.

Under denne posten er det gjort ein ompostering på 77 mill. kroner som er fordelt på dei andre postane under kapittel 2670. Etterbetalingane for mai og juni, som ei følgje av at grunnpensjon til ektepar og samboerpar skulle hevast frå 1,5 G til 1,6 G frå 1.5.2003, vart førebels ført på post 70. Desse vart utbetalt i juli og er altså ompostert til dei andre postane. I dei nye utrekningane er desse rekneskapsrutinane tatt omsyn til.

Løyvinga for 2003 vert foreslått redusert med 49 mill. kroner til 30 650 mill. kroner.

### Post 71 Tilleggspensjon, *overslagsløyving*

Vedtatt budsjett for 2003 er 41 015 mill. kroner.

Ein ventar at talet på alderspensjonistar med tilleggspensjon vert 558 874 ved utgangen av 2003, noko som er omlag like mange som vart lagt til grunn i vedtatt budsjett. Samtidig er gjennomsnittleg tilleggspensjon utrekna til å bli 319 kroner høgare enn det beløpet som er sett opp i budsjettet. Under denne posten er det i tillegg overført 68 mill. kroner frå post 70, jf. omtale under post 70.

Løyvinga for 2003 vert foreslått auka med 175 mill. kroner til 41 190 mill. kroner.

## Kap. 2680 Etterlatne

(i 1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2002	Løyving 2003	Forslag 2003	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
70	Grunnpensjon, <i>overslagsløyving</i>	1 176 256	1 229 000	1 202 000	-27 000
71	Tilleggspensjon, <i>overslagsløyving</i>	1 009 140	1 049 000	1 028 000	-21 000
Sum endringar					-48 000

### Post 70 Grunnpensjon, *overslagsløyving*

Løyvinga er på 1 229 mill. kroner i 2003.

Gjennomsnittleg grunnpensjon til etterlatne

ektefellar er sett til 34 700 kroner mot tidlegare 35 800 kroner (vedteke budsjett). I tillegg vert talet på etterlatne ektefellar med grunnpensjon sett til 25 400 mot tidlegare 25 475. På bakgrunn

av dette reknar ein utgiftene til å bli 1 202 mill. kroner for post 70.

Sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 27 mill. kroner til 1 202 mill. kroner.

*Post 71 Tilleggspensjon, overslagsløyving.*

Løyvinga er på 1 049 mill. kroner i 2003.

Gjennomsnittleg tilleggspensjon til etterlatne ektefelle ser ut til å bli 41 000 kroner mot tidlegare 41 700. Det ser og ut til at talet på etterlatne ektefellar med tilleggspensjon vil bli 24 640, mot tidlegare 24 750. Derfor vert utgiftene sett til 1 028 mill. kroner for heile post 71.

Sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 21 mill. kroner til 1 028 mill. kroner.

## Kap. 2683 Stønad til einsleg mor eller far

(i 1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2002	Løyving 2003	Forslag 2003	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
70	Overgangsstonad, <i>overslagsløyving</i>	2 077 844	2 159 000	2 125 000	-34 000
72	Stønad til barnetilsyn, <i>overslagsløyving</i>	707 160	680 000	670 000	-10 000
76	Forskottering av underhaltsbidrag	1 679 828	1 645 000	1 520 000	-125 000
	Sum endringar				-169 000

*Post 70 Overgangsstonad, overslagsløyving*

Løyvinga er på 2 159 mill. kroner i 2003.

Det vert i 2002 utbetalt 2 078 mill. kroner på post 70. Løyvinga for 2003 byggjer på ein føresetnad om 24 500 mottakarar og ei yting på om lag 85,5 prosent av full dekning. Utviklinga i plantala for 2003 viser ein større nedgang i talet på stønadsmottakarar og lågare utbetalingar enn forventta. Til grunn for nytt overslag på posten ligg derfor 24 250 mottakarar og ei yting på om lag 84,5 prosent av full dekning.

Sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 34 mill. kroner til 2 125 mill. kroner.

*Post 72 Stønad til barnetilsyn, overslagsløyving*

Løyvinga er på 680 mill. kroner i 2003.

Det vart utbetalt 707 mill. kroner på post 72 i 2002. I løyvinga for 2003 vert det rekna med 27 900 stønadsmottakarar og 24 370 kroner i gjennomsnittleg stønad. Det er venta ein nedgang i utbetalingane på grunn av at dekningsgraden for stønad til barnetilsyn frå 1. januar 2003 vert redusert frå 70 prosent til 66 prosent.

Til grunn for nytt overslag på posten vert det rekna med 27 800 mottakarar og ein gjennomsnittleg stønad på 24 220 kroner. Årsaka til nedgangen i forventta utbetaling er i fyrste rekkje det

auka tilskottet til barnehagar på 750 mill. kroner frå 1. august 2003, som kan gi lågare stønad.

Sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 10 mill. kroner til 670 mill. kroner.

*Post 76 Forskottering av underhaltsbidrag*

Løyvinga er på 1 645 mill. kroner i 2003.

Løyvinga for 2003 føreset 1 prosent auke i talet på barn med utbetalt forskot, ein auke i pris på 2,3 prosent frå 1. juni 2003 og reduserte utbetalte utgifter til forskot på 96 mill. kroner som følgje av nytt bidragsregelverk frå 1. oktober 2003.

Etter å ha vurdert rekneskapen for september 2003, samt ny statistikk og utvikling i konsumprisindeksen, vert veksten i volum sett ned til 0 prosent i år medan veksten i utbetaling vert sett opp til 5 prosent. Effekten av endringane i regelverket for utbetaling av bidragsforskott vert rekna til 148 mill. kroner. Overslaget vert redusert med 125 mill. kroner. Overslaget er usikkert fordi trygdeetaten ikkje fekk svar innan fristen 1. oktober frå fleire av mottakarane om utbetaling etter dei nye reglane. Overslaget føreset at dei dette gjeld vil sende ny søknad etter stopp i utbetalinga frå oktober og dermed ikkje få utbetalt bidragsforskott i 2003.

Sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 125 mill. kroner til 1 520 mill. kroner.

**Kap. 2686 Gravferdsstønad**

(i 1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2002	Løyving 2003	Forslag 2003	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
70	Gravferdsstønad <i>overslagsløyving</i>	241 754	93 000	110 000	17 000

*Post 70 Gravferdsstønad, overslagsløyving.*

Løyvinga er på 93 mill. kroner i 2003.

Det har skjedd to store endringar i ordninga frå 1. januar 2003; avvikling av ordinær stønad og auking av maksimalbeløpet for behovsprøvd stønad frå 8 250 kroner til 15 000 kroner.

Det vert rekna med at dei lågare utgiftene ved avviklinga av den ordinære gravferdshjelpa skulle bli 160 mill. kroner, medan dei auka utgiftene ved å sette opp den behovsprøvde ordninga skulle bli

10 mill. kroner. Vi kan så langt ikkje skilje følgjene av desse to elementa frå kvarandre, men samla sett ser utgiftene til gravferdshjelp ut til å bli om lag 17 mill. kroner høgare enn venta i 2003. Dette skuldast at det i budsjettert beløp ikkje er tatt nok omsyn til at om lag 10 mill. kroner av utgiftene ved den gamle ordninga vil bli bokført i 2003. Likevel er den nye ordninga blitt 5–10 mill. kroner dyrare enn venta.

Sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 17 mill. kroner til 110 mill. kroner.

**Kap 2690 Diverse utgifter**

(i 1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2002	Løyving 2003	Forslag 2003	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
70	Sjukestønadsutgifter i utlandet	134 573	100 000	120 000	20 000
77	Pasientar frå land med innbyrdes avtale	63 954	30 000	50 000	20 000
	Sum endringar				40 000

*Post 70 Sjukestønadsutgifter i utlandet*

Løyvinga er på 100 mill. kroner i 2003.

Desse utgiftene varierer vanlegvis mykje frå år til år og frå månad til månad og er derfor vanskeleg å budsjettere. Etter 9 månader utgjer utgiftene berre 56 prosent av løyvd beløp, men utgifter til behandling innan EØS-området vert i hovudsak registrert mot slutten av året og er derfor enda ikkje rekna med.

Sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 20 mill. kroner til 120 mill. kroner.

*Post 77 Pasientar frå land med innbyrdes avtale*

Løyvinga er på 30 mill. kroner i 2003.

Utgiftene i 2002 var uvanleg høge. Ei årsak er at sjukehusa i 2001 ikkje følgde opp DRG-prisinga av pasientane og mange saker vart derfor sendt i retur. På den måten fekk ein eit etterslep av saker i 2002 fordi det var opparbeida store restansar frå året før. I 2003 reknar ein med at utgiftene vil bli på eit meir normalt nivå. Etter 9 månader er det likevel utgiftsført ca. 2,7 mill. kroner meir enn løyvd. Det er også venta at fleire krav/saker, som ennå ikkje er ferdigbehandla, vil gi store utgifter resten av året.

Sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 20 mill. kroner til 50 mill. kroner.

**Kap. 5701 Diverse inntekter**

(i 1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2002	Løyving 2003	Forslag 2003	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
02	Diverse inntekter	200 184	150 000	175 000	25 000
70	Refusjon ved trafikkskade	815 811	839 000	834 000	-5 000
71	Refusjon ved yrkesskade	722 703	762 000	831 500	69 500
73	Refusjon bidragspliktige	1 075 515	1 090 000	925 000	-165 000
75	Refusjon overskytande bidrag	187 245	164 000	157 000	-7 000
80	Renter	63 976	45 000	60 000	15 000
	Sum endringar				-67 500

*Post 02 Diverse inntekter*

Løyvinga er på 150 mill. kroner i 2003.

Det er følgjande inntekter på posten:

- renter og avdrag på lån til attføring
- refusjon feilutbetalingar leger
- refusjon feilutbetalingar stønad
- avdrag lån til bidrag
- prosjektinntekter
- andre refusjonar og inntekter

Inntektene på denne posten varierer frå år til år, og er vanskelege å budsjettere. På bakgrunn av utviklinga til og med september 2003 vert inntektene sett omlag 25 mill. kroner høgare enn løyvinga for året.

Sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 25 mill. kroner til 175 mill. kroner.

*Post 70 Refusjon ved trafikkskade*

Løyvinga for 2003 er på 839 mill. kroner.

Inntektene frå refusjonar frå forsikringsforetaka for trafikkskade til folketrygda vert i statsbudsjettet for 2003 rekna til 839 mill. kroner. Overslaget byggjer på at refusjonssatsen for folketrygdas utgifter til trafikkskade vert fastsett til 340 kroner for motorvogner og til 170 kroner for mopedar o.a. Vedtaket om desse satsane vart ikkje kunn gjort i Norsk Lovtidende, slik at forsikringsforetaka ikkje hadde kunnskap om at satsane var auka. Forsikringsforetaka har derfor gjort krav på refusjon etter dei satsane som var fastsett for 2002, 330 kroner for motorvogner og 165 kroner for mopedar m.v. Svikten i inntekter for 2003 er på om lag 25 mill. kroner i 2003. Nye overslag viser at inntektene i 2003 vil bli 834 mill. kroner.

Sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 5 mill. kroner til 834 mill. kroner.

*Post 71 Refusjon ved yrkesskade*

Løyvinga er på 762 mill. kroner i 2003.

Innbetalinga av refusjon av oppgjær frå forsikringsnæringa til og med skadeårgang 2002, som er innbetalt til folketrygda, er 69,5 mill. kroner meir enn budsjettet.

Sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 69,5 mill. kroner til 831,5 mill. kroner.

*Post 73 Refusjon frå bidragspliktige*

Løyvinga på posten er på 1 090 mill. kroner i 2003.

Overslaga er justert ned som følgje av ein observert reduksjon under motsvarande utgiftskapittel, kap. 2683, post 73 Forskottering av bidrag til underhald hittil i år.

Sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 165 mill. kroner til 925 mill. kroner.

*Post 75 Refusjon overskytande bidrag*

Løyvinga under posten er på 164 mill. kroner i 2003.

I samband med innføring av nye bidragsreglar 1. oktober 2003 er det vedtatt å oppheve regelen om refusjon til folketrygda for å betale ut overgangsstønad. Refusjonen er rekna til 100–120 mill. kroner på årsbasis (Ot.prp. nr. 43 (2000–2001)).

Løyvinga for 2003 er på 164 mill. kroner. Reglendinga ovanfor er rekna med.

Utviklinga i inntekter i 2003 ser ut til å vere omlag i samsvar med utviklinga i 2002, då inntektene vart på totalt 187 mill. kroner. Med utgangspunkt i uttrekninga på ei innsparing som følgje av

regelendringa på 30 mill. kroner, gir dette ei ny utrekning for 2003 på 157 mill. kroner.

Det vert foreslått at løyvinga for 2003 vert redusert med 7 mill. kroner, frå 164 mill. kroner til 157 mill. kroner.

*Post 80 Renter*

Løyvinga under posten er på 45 mill. kroner i 2003.

Posten dekkjer i hovudsak renteinntekter av innskot i bank og innskot for lokale til kontor. Inntektene har endra seg frå år til år. Dei er derfor vanskelege å gjere overslag for. På bakgrunn av utviklinga til og med september er inntektene sett

til 60 mill. kroner for 2003, som er 15 mill. kroner meir enn løyvinga for 2003.

Sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 15 mill. kroner til 60 mill. kroner.

Sosialdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar under enkelte kapittel på statsbudsjettet medrekna folketrygda for 2003.

---

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar under enkelte kapittel på statsbudsjettet medrekna folketrygda for 2003 i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### til vedtak om endringar under enkelte kapittel på statsbudsjettet medrekna folketrygda for 2003

## I

I statsbudsjettet for 2003 blir det gjort følgjande endringar:

## Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
620		Utgreiingsverksemd, forskning m.m.	
	21	Spesielle driftsutgifter, blir redusert med ..... frå kroner 66 118 000 til kroner 62 918 000	3 200 000
664		Pensjonstrygden for sjømenn	
	70	Tilskott, blir auka med ..... frå kroner 471 600 000 til kroner 503 000 000	31 400 000
666		Avtalefesta pensjon	
	70	Tilskott, blir redusert med..... frå kroner 709 000 000 til kroner 680 000 000	29 000 000
2600		Trygdeetaten	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med..... frå kroner 4 750 400 000 til kroner 4 730 580 000	19 820 000
2650		Sjukepengar	
	70	Sjukepengar for arbeidstakarar m.v, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med..... frå kroner 24 740 000 000 til kroner 25 280 000 000	540 000 000
	72	Omsorgs- og pleiepengar ved barns sjukdom, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... frå kroner 317 000 000 til kroner 287 000 000	30 000 000
	73	Tilretteleggingstilskott, blir auka med ..... frå kroner 104 000 000 til kroner 153 000 000	49 000 000
	75	Feriepengar av sjukepengar, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... frå kroner 1 340 000 000 til kroner 1 270 000 000	70 000 000
2652		Medisinsk rehabilitering m.v	
	70	Rehabiliteringspengar, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med..... frå kroner 7 583 000 000 til kroner 8 031 000 000	448 000 000
2655		Uføre	
	70	Grunnpensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kroner 14 980 000 000 til kroner 15 215 000 000	235 000 000
	71	Tilleggspensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kroner 21 799 000 000 til kroner 22 093 000 000	294 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
	72	Sært tillegg, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kroner 1 343 000 000 til kroner 1 377 000 000	34 000 000
	73	Førebels uførestønad, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... frå kroner 362 000 000 til kroner 316 000 000	46 000 000
	74	Tidsavgrensa uførestønad, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... frå kroner 176 000 000 til kroner 0	176 000 000
2661		Grunn- og hjelpestønad, hjelpemidlar m.v.	
	70	Grunnstønad, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... frå kroner 1 430 000 000 til kroner 1 420 000 000	10 000 000
	71	Hjelpestønad, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med..... frå kroner 1 540 000 000 til kroner 1 510 000 000	30 000 000
	74	Tilskott til bilar, blir auka med ..... frå kroner 722 000 000 til kroner 838 000 000	116 000 000
	75	Betring av funksjonsevna, hjelpemidlar, blir redusert med ..... frå kroner 2 507 000 000 til kroner 2 380 000 000	127 000 000
	77	Ortopediske hjelpemidlar, blir auka med..... frå kroner 551 000 000 til kroner 565 000 000	14 000 000
2670		Alderdom	
	70	Grunnpensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... frå kroner 30 699 000 000 til kroner 30 650 000 000	49 000 000
	71	Tilleggspensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kroner 41 015 000 000 til kroner 41 190 000 000	175 000 000
2680		Etterlatne	
	70	Grunnpensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... frå kroner 1 229 000 000 til kroner 1 202 000 000	27 000 000
	71	Tilleggspensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med..... frå kroner 1 049 000 til kroner 1 028 000 000	21 000 000
2683		Stønad til einsleg mor eller far	
	70	Overgangsstønad, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... frå kroner 2 159 000 000 til kroner 2 125 000 000	34 000 000
	72	Stønad til barnetilsyn, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... frå kroner 680 000 000 til kroner 670 000 000	10 000 000
	76	Forskottering av underhaltsbidrag, blir redusert med..... frå kroner 1 645 000 000 til kroner 1 520 000 000	125 000 000
2686		Gravferdsstønad	
	70	Gravferdsstønad, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kroner 93 000 000 til kroner 110 000 000	17 000 000
2690		Diverse utgifter	
	70	Sjukestønadsutgifter i utlandet, blir auka med..... frå kroner 100 000 000 til kroner 120 000 000	20 000 000
	77	Pasientar frå land med innbyrdes avtale m.v., blir auka med..... frå kroner 30 000 000 til kroner 50 000 000	20 000 000

## Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
5701		Diverse inntekter	
	02	Diverse inntekter, blir auka med ..... frå kroner 150 000 000 til kroner 175 000 000	25 000 000
	70	Refusjon ved trafikkskade, blir redusert med ..... frå kroner 839 000 000 til kroner 834 000 000	5 000 000
	71	Refusjon ved yrkesskade, blir auka med ..... frå kroner 762 000 000 til kroner 831 500 000	69 500 000
	73	Refusjon frå bidragspliktige, blir redusert med ..... frå kroner 1 090 000 000 til kroner 925 000 000	165 000 000
	75	Refusjon overskytande bidrag, blir redusert med ..... frå kroner 164 000 000 til kroner 157 000 000	7 000 000
	80	Renter, blir auka med ..... frå kroner 45 000 000 til kroner 60 000 000	15 000 000

---

---



